



**FYLKESMANNEN  
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 17.04.2015

Vår ref.: 2015/1155

Arkivnr.: 523.3

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## **Uttale til NOU 2014: 15 Norsk pelsdyrhold - bærekraftig utvikling eller styrt avvikling**

Vi viser til brev frå Landbruks- og matdepartementet av 23.01.2015 om «Høring-NOU 2014: 15 Norsk Pelsdyrhold-bærekraftig utvikling eller styrt avvikling?»

Fylkesmannen i Rogaland har følgjande merknader:

Den norske pelsdyrnæringa er ei lønsam og internasjonalt konkurransedyktig næring. Vi er samde med fleirtalet i utvalet om ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa og tiltak for å styrkja legitimiteten og for å oppretthalda eller styrkja konkurransekrafta.

Viktige berekraftmoment vil då vera:

- Dyrevelferd
- Skade og risiko knytt til rømming
- Samfunnsøkonomi og ressursutnytting

### Dyrevelferd

Utvalet registrerer betring av forholda på norske pelsdyrfarmar dei siste åra. God dyrevelferd er avgjerande for legitimiteten til pelsdyrnæringa. Vi meiner at velferdsutfordringane er overkommelege og at dyrevelferda vil vera ivareteken dersom regelverket blir oppdatert og etterlevd, og tiltak særleg knytt til dyrevelferd blir følgt opp innan rimeleg tid. Innføring av elektronisk journalsystem med rapportering til sentral database vil gi betre oversikt over dyra, effektivisering av drifta, dokumentasjon osv., og dette vil styrkja dyrevelferda.

### Skade og risiko knytt til rømming

Rømd amerikansk mink frå pelsdyrhald, er ein av dei innførte artane som har gjort og framleis gjer størst skade på naturmangfaldet vårt. Jæren er både eit tyngdepunkt for pelsdyrnæring og har over 20 Ramsarområde som er verna ut frå deira internasjonale betydning for fugleliv. Villmink er ein av fleire større trugslar, og det vert brukt relativt store ressursar i Rogaland for å halde villminkstamma i sjakk. Slik er det langs store deler av kysten. Pelsdyrnæringa bør bidra til bekjemping av villmink for å retta opp denne historiske skaden.

Mykje er gjort og blir gjort for å hindra ny rømming. Nye rømmingssikre bur i rustfri syrefast netting, med sluser (to dører) og tette moderne anlegg, har redusert rømminga monaleg. Eldre umoderne bygg og anlegg er framleis ei utfordring. Det gjeld også forureining og lukt til omgjevnadane frå desse. Modernisering av driftsapparat med strenge krav til dyrevelferd og miljø er difor påkrevd. Det må og setjast krav om rapportering av uhell med rømming, jamfør krav til rapportering av rømt oppdrettsfisk. Klar heimel til pålegg for å hindra rømming og pålegg om tiltak ved uhell er også naudsynt. Ansvarstilhøva mellom ulike myndigheiter ved rømming må vera heilt klare, td mellom Mattilsynet og miljøvernmyndigheitene. Krav til merking av dyra vil vera eit viktig tiltak for å førebyggja rømming. Her viser vi også til parallellar i havbruksbransjen.

Når det gjeld oppdrett av rev, må det etter vårt syn takast særleg omsyn til fjellrev. Det bør vurderast forbod mot etablering av reveoppdrett i område nær dei områda som i dag har fjellrev eller som er eit framtidig område for reetablering av fjellrevstamma. Fare for innblanding i dei naturlege og svært sårbare fjellrevpopulasjonane, krev særlege tiltak for å hindre rømming.

Det er også viktig å få informasjon ut til allmennheita om at å sleppa mink og evt. andre pelshusdyr ut av bura som protest mot næringa , er svært uheldig ut frå eit naturmangfaldsynspunkt.

### Samfunnsøkonomi og ressursutnytting

God dyrevelferd og forsvarleg produksjon vil vera eit fortrinn i marknadsføringa og styrkja konkurransekrafta. Pelsdyrhald har vore og er ei konkurransekraftig næring som generer eksportinntekter og medverkar til sysselsetting i distrikta og verdiskaping i samfunnet. Det skal også nemnast at pelsdyrnæringa nyttar avfall frå slakteri og fiskeindustri som for. Dette avfallet er det elles lite høve til å bruka som for til andre husdyr.

### Dokumentasjon av berekraftutvikling

Det er stort behov for næringsuavhengig forskning og meir offentlege midlar til oppfølging av utviklinga i pelsdyrnæringa. Dette vil gi eit betre felles kunnskapsgrunnlag for både næringa og dei som er kritisk til denne. Godt gjennomførte og dokumenterte tiltak innan miljø- og dyrevelferd vil styrkja både berekraft, legitimitet og lønsemd over tid.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Geir Skadberg  
fung. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Geir Skadberg  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 92  
E-post: fmrogs@fylkesmannen.no

Kopi til:  
Rogaland Bonde- og Småbrukarlag  
Norges pelsdyrslag  
Rogaland Bondelag